

# Turstiar frå Eikesdalsvegen i Øvre Vats:

1. Thorsgruva	7. Eikås/Bjoa
2. Dyrhaug (260 m.o.h.)	8. Vikebygd
3. Ørnaberget (340m.o.h.)	9. Morgonsvatnet (500m.o.h.)
4. Stemmetjørna (300m.o.h.)	10. Ulserhaug (631m.o.h.)
5. Veldehytta (360m.o.h.)	11. Moldebrekka (619m.o.h.)
6. Vikestølen	12. Longåsdalen/ Bjordal (207m.o.h.)

Frå Knapphus - kjør omlag 2,5 km nordover langs E 134 mot Ølen til Eikesdalsvegen. Her står det skilt til Eikesdal til venstre og TURSTI-skilt. Følg vegen omlag 700 m oppover til du kjem til skilta P-plass. Her finn du info.tavle og kart over mange fine turar som startar herifrå.

**Start:** 700 m oppe på Eikesdalsvegen frå E 134

**Parkeringsplass:** Ja – godt tilrettelagt p-plass .

## 1. Tur til Thorsgruva:

**Avstand:** Omlag 850 m å gå frå P-plassen opp til gruva.

**Tidsbruk:** Turen tek berre 10 – 15 min. ved vanleg gange opp til sjølve Thors gruva..

**Vanskegrad:** Blå tur – kort familietur på merka skogsveg opp.

**Terreng:** Gjengrodd traktorveg med gras. Litt bratt siste del av vegen.

**Opplysn.** Følg traktorvegen 200 m langs elva til ei grind/gjerdeklyvar og ta av til høgare like etter grinda/gjerdeklyvaren. Følg skilt og merkepinar

**Svært fin utsikt over Vatsbygda frå gruva. Sitjebenk er sett opp.**

**Thorsgruva** er ei open daggruve som vart driven frå 1894 – 1914.

**Grunnleggaren var Mauritz Kartevoll (1833 – 1922) frå Sandnes.**

**Fann thorium** – eit urananholdig mineral som vart sendt ut i Europa til vitskapelege læresenter for vidare forskning.

**Sjå informasjon om gruva på info.tavle som står oppe i gruva.**

**Fottøy:** Vanlege sko. God tur.

## 2. Tur til Dyrhaug: (260 m. o. h.)

**Avstand:** 1,5 km opp til hytta på Dyrhaug.

**Tidsbruk:** 30 min å gå opp med vanleg gange.

**Vanskegrad:** Blå tur – fin familietur.

**Terreng:** God traktorveg opp – nokre bratte parti.

**Opplysn:** Traktorvegen snor seg oppover lia gjennom parti med gran- og bjørkeskog.

Dersom du har lyst, kan du ta av ved skiltet ”STI GJENNOM LERKESKOG”

ein opplevelsestur – følg merkinga - stien munnar ut på traktorvegen litt lenger oppe.

Før du kjem til Dyrhaug, kjem du til ein ”RASTEPLASS” med gode steinbord. Her kan du sjølvstoppa og kvila deg litt før du kjem til Dyrhaug 250 m lenger oppe.

Ved skiltet ”DYRHAUG” er det sett opp ein sitjebenk. Du kan også gå opp til ei privathytte like ovanfor. Det laga til ein rasteplass med eit steinbord ovanfor hytta med flott utsikt over Vatsbygda og fjella rundt. Vel verdt å ta denne turen. Ta fram nista di og nyt stunda og utsikta.

**Frå Dyrhaug kan du ta turar vidare til Ørnaberget og Stemmetjørna** eller følgja traktorvegen vidare innover til Veldehytta, Morgonsvatnet, Ulserhaug, Vikestølen, Eikås/Bjoa, Vikebygd eller Longåsdalen/Bjordal.

**Fottøy:** Vanlege sko, men gode tette sko om du vil gå vidare.

God tur.

### 3. Tur til Ørnaberget ( 340 m. o. h.).

**Avstand;** 2,3 km opp til toppen.

**Tidsbruk:** 1 t til toppen. Tur/retur 1t 40 min ved vanleg gange.

**Vanskegrad:** Blå tur – fin familietur.

**Terreng:** Følg god traktorveg med nokre bratte parti opp til Dyrhaug. Stien vidare er lett å gå – godt merka – nokre våte parti før du svingar opp til Ørnaberget.

**Opplysn.:** Traktorvegen går heilt opp til Dyrhaug – 1,6 km - er lett å gå sjølv om det kan vera nokre bratte parti. Om lag 800 m lenger opp frå parkeingsplassen står eit skilt ”**Sti gjennom lerkeskog**” –her kan du få ein fin opplevelse å gå på mjuk skogsbotn av barnåler.

Du kjem inn på same traktorvegen litt lenger opp etter denne fine avstikkaren.

Det er noko spesielt å gå gjennom ein slik tett lerkeskog både for vaksne og barn.

Vegen vidare oppover svingar seg gjennom granskog og bjørkeskog – fredeleg og fin tur..

På Dyrhaug bør du ta ein liten avstikkar til høgare – sjå skilt - og gå gjennom grinda opp til rasteplassen like ovanfor hytta – berre 100 m.

Her bør du ta ein pause på rasteplassen og nyta utsikta.

Ved Dyrhaug går fellessti vidare til **Ørnaberget og Stemmetjørna.**

Stien er godt merka med merkepinnar og er lett å gå på – nokre våte parti.

Oppe på Ørnaberget er det flott utsikt over heile Vatsbygda og innover til Ølen.

Fin familietur.

Dersom du ikkje vil gå same vegen tilbake, kan du gå nedatt til E 134 – 1,6 km ned mot Tjelmarmyra ved å følga skilta sti nedover liane i eit meir kupert terreng.

Nede ved Tjelmarmyra er det ikkje lange vegen opp til parkeringsplassen der du kanskje har bilen ståande.

Følg skilta og merkepinnane nedover. Fin rundtur.

**Fottøy:** Gode tette sko..

### 4. Tur til Stemmetjørna (300 m. o. h.).

**Avstand:** 2,4 km inn til vatnet.

**Tidsbruk:** 1 t ved vanleg gange opp til vatnet..

**Vanskegrad:** Blå tur – fin familietur

**Terreng:** Følg god traktorvegen opp gjennom granskog/blandingsskog. Vegen har nokre bratte parti opp til Dyrhaug.

Stien frå Dyrhaug er godt merka og skilta og lett å gå, men har nokre våte myrlendte strekningar.

**Opplysn.:** Traktorvegen opp til Dyrhaug er fin å gå på, men har nokre bratte parti. Om lag 800 m opp frå parkeringsplassen står det eit skilt ”**Sti gjennom lerkeskog**” - stien kjem ut på same traktorvegen litt lenger oppe. Dette er meint som ein ”opplevelses-tur” for store og små. Det er litt spesielt å gå inn i ein slik tett skog - noko trolsk.

Opp ved Dyrhaug bør du ta avstikkar til høgare og følg skilta **Dyrhaug** og

**Rasteplass** - gå gjennom grinda og forbi ei privathytte som ligg der. Berre 100 m å gå.

Ovanfor hytta ligg sjølve Dyrhaug med ein flott utsikt over Vatsbygda.

Her ligg eit stor steinbord du kan rasta og ta ein pause ved om du vil.

**Stien vidare inn til Stemmetjørna er godt skilta** – same veg som til **Ørnaberget.**

Vel framme ved Stemmetjørna er det tid for ein rast og nyta roen og freden ved dette fine fjellvatnet og sjå fisken vaka.

Dersom du ikkje vil gå tilbake same vegen, kan du herifrå gå nedatt til E – 134 ved

Tjelmarmyra . Tjelmarmyra ligg om lag 400 m nord for Eikesdalsvegen.

Då er ikkje vegen lang opp til parkeringsplassen om du har bilen ståande der.

Følg skilta og merkepinnane.

**Fottøy:** Gode tette sko.

## 5. Tur til Veldehytta: (360 m. o. h.)

**Avstand:** 3,3 km inn til hytta.

**Tidsbruk:** Omlag 1 time å gå fram til hytta. Tur/retur: 1t 40 min ved vanleg gange.

**Vanskegrad:** Blå tur – fin familietur.

**Terreng:** Traktorveg heilt inn til hytta - nokre bratte parti.

**Opplysn.:** Følg traktorvegen heilt fram. Om lag 800m opp frå start kan du ta ein avstikkar og gå på ”**Sti gjennom lerkeskog**” og koma inn på traktorvegen litt lenger oppe.

Dette er ein fin opplevelsestur i tett lerkeskog – mjukt underlag av barnåler.

Når du kjem til Dyrhaug, kan du ta ein liten avstikkar til høgre og då ser du ei privathytte – og like ovanfor denne hytta ligg ein flott rasteplass med **fin utsikt over Vatsbygda**.

Ta fram nistepakken her og nyt utsikten før du går vidare.

Det kan vera godt med ein kvild etter kneikane oppover.

Sjå skilt som står ved vegkrysset her.

Vegen vidare er mykje lettare å gå. Når du har gått om lag 600 m, kjem du til eit skilt

”**REVEBÅS**” og då ser du denne gamle fangstfella for rev 50 m opp til høgre. Revebåsen er murt fint inn i ura. **Sjå informasjon om revabåsfella** på eiga info.tavle .

Ta ein kikk på denne før du går vidare innover til Veldehytta.

Veldehytta er alltid open. Her kan du nyta nista di inne eller ute . Ute er det ein

grillplass i gamal husmur. På bordet inne i hytta ligg ei hyttebok du kan skriva deg inn i.

Ved Veldehytta er det godt skilta til nye turmål om du vil. **Sjå skilt og merking til nye**

**turmål: Morgonsvatnet, Ulserhaug, Vikestølen, Eikås/Bjoa, Vikebygd, Longåsdaalen, Bjordal.**

**Fottøy:** Vanlege sko, men skal du vidare innover frå Veldehytta, må du ha gode tette sko.

## 6. Tur til Vikestølen.

**Avstand :** Omlag 6 km frå P-plassen via Veldehytta.

**Tidsbruk:** 2 - 2,5 t å gå fram til Vikestølshytta frå P-plassen.

**Vanskegrad:** Blå tur – familietur. Litt tungt å gå på myrane frå Veldehytta.

**Terreng:** God traktorveg til Veldehytta. **Sjå info. om turen til Veldehytta.**

Frå Veldehytta er det nokså flatt, men vått og myrlendt og tungt å gå.

Må ha gode vasstette fjellsko eller støvlar på denne turen.

**Opplysn.:** Det går traktorveg heilt fram til Veldehytta. Vegen har enkelte bratte parti opp til Dyrhaug. Her står skilt opp til **Dyrhaug** med rasteplass berre 100 m opp. Her ligg ei privathytte, men like ovanfor ligg rasteplassen med flott utsikt over Vatsbygda og fjella rundt. Du blir overraska over den fine utsikta her.

Etter ein liten pause går du vidare på traktorvegen. 600 m lenger opp kjem du til eit gjerde- der står skilt ”**REVEBÅS**”. Denne fangstfella ligg berre 50 m opp til høgre frå vegen. Revabås er ei gamal fangstfelle som reven vart fanga i. Denne er murt inn i ura

- godt kamuflert for reven. **Sjå informasjon om fangstfella på eiga info.tavle der.**

Gå vidare inn til **Veldehytta** der du tar ein liten pause og skriv deg inn i hytteboka.

Her står det skilting vidare til Vikestølen.

Nå kan du følge merkepinnane i flatt myrlendt landskap heilt fram til Vikestøls-  
hytta . Hytta er open og hytteboka ligg klar inne i stova.

Her kan du nyta nistepakken inne eller ute på gode ”hagebord”.

Kvart år sidan 1900 blir det arrangert ”**Vikestølsstevne**” ved denne hytta – eit misjonsstevne fyrste søndag i juli som sokneråda i Bjoa, Vikebygd, Vats , Skjold og Ølen har ansvar for.

Då kjem det alltid folk frå desse bygdene til sosialt samver med song, tale m.m.

Dersom du vil, kan du herifrå gå tilbake same vegen til Øvre Vats eller du kan gå

**vidare til Eikås** på middels god traktorveg . Frå Eikås går det bilveg til Bjoa slik at du kan bli henta der etter avtale.

Frå Vikestølen kan du også ta ein god traktorveg til **Vikebygd** – då kjem du ned på hovudvegen like ovanfor kyrkja i Vikebygd.. **Sjå skilt og merking.**

**Fottøy:** Gode tette sko.

God tur.

## 7. Tur til Eikås/Bjoa.

**Avstand:** 8 km heilt fram via Veldehytta og Vikestølshytta.

**Tidsbruk:** 3,5 – 4 t ved vanleg gange fram til Eikås..

**Vanskegrad:** Blå/raud tur – lang familietur.

**Terreng:** Traktorveg 3,5 km til Veldehytta. Vidare flatt og myrlendt til Vikestølen.

Frå Vikestølen til Eikås går det ein 3 km lang skogsveg - nokså flat.

Frå Eikås går det bilveg ned til Innbjoa.

**Opplysningar:** Om vegen til Vikestølen – **sjå info om turen ”Tur til Vikestølen”**

**Arquebusmarsjen går frå Eikås til Veldehytta og vidare til Longås dalen og ned til Bjordal. Dette er ein minnemarsj om motstandsmannen Sverre K.**

**Andersen under dekknamnet Arquebus som spela ein truskuldig dreng hos**

**Martin Eikås under heile 2. verdskrigen.** Denne marsjen gjekk kvart år fyrste søndag etter 17. mai, men har ikkje blitt arrangert dei siste åra. Det er meininga å ta denne tradisjonen oppatt.

Dette er ein flott tur som endar i **Bjordal** med middag og film om Arquebus og utdeling av turmerke.

Frå Veldehytta til Vikestølshytta går du gjennom delvis ope landskap i myrlendt terreng, men også gjennom bjørkeskog.

I Vikestølshytta må du ta ein rast etter tung marsj i myrane innover. Her må du skriva deg inn i hytteboka.

Herifrå går det traktorveg fram til Eikås og så bilveg ned til Innbjoa.

**Fottøy:** Gode tette sko.

God tur.

## 8. Tur til Vikebygd.

**Avstand:** 10 km via Veldehytta og Vikestølshytta.

**Tidsbruk:** 3,5 - 4 t ved vanleg gange heilt til Vikebygd..

**Vanskegrad:** Blå/raud tur – lang familietur.

**Terreng:** Traktorveg 3,5 km til Veldehytta – vidare til Vikestølen er det flatt og myrlendt.

Frå Vikestølshytta er det god traktorveg på 5 km heilt ned til Vikebygd.

**Opplysn.:** Info om vegen til Vikestølshytta – **sjå ”Tur til Vikestølen”**

Vegen frå Vikestølshytta og ned til Vikebygd er god og lett å gå på, men har nokre bratte parti. Vegen svingar seg i fint terreng nedover liane forbi **Longavatnet** som er drikkevasskjelda til Vikebygd. I nedre enden av vatnet er det demning og her går det sti til høgge opp til **Trodlafjellet**. Eit godt stykke nedanfor **Longavatnet** går det ein sti til venstre opp til **Morgonsvatnet**.

I Vikebygd kjem du ned på hovudvegen like ovanfor kyrkja.

**Fottøy:** Gode og tette fjellsko.

God tur.

## 9. Tur til Morgonsvatnet. (500 m o.h.)

**Avstand:** 5 km. inn til vatnet via Veldehytta..

**Tidsbruk:** 1,5 - 2 t. med vanleg gange inn til vatnet.

**Vanskegrad:** Blå/raud tur – familietur. Litt kupert og myrlendt frå Veldehytta.

**Terreng:** God traktorveg 3,5 km opp til Veldehytta. Herifrå er det litt kupert og litt fuktig.

Bør ha tette fjellsko. Sjå info. om turen opp til Veldehytta.

**Opplysn.:** Det går god traktorveg heilt opp til Veldehytta. Nokre parti er litt bratte til **Dyrhaug**. Her står det skilt til høgre opp til Dyrhaug og **rasteplass**. Her bør du ta ein avstikkar på 100 m og nyta utsiktsplassen like ovanfor privathytta som ligg her. Flott utsikt utover Vatsbygda og fjella omkring. Gå vidare omlag 600 m på vegen - då finn du skiltet ”**REVEBÅS**”. Denne gamle fangstfella ligg fint murt i ei steinrøys berre 50 m frå vegen. Verdt å sjå denne. Sjå informasjon om fangstfella på eiga info.tavle ved revebåsen. Vel framme i Veldehytta som alltid er open, kan du nyta nista di og skriva deg inn i hytteboka før du går vidare inn til Morgonsvatnet **via Brenneskårdalen**. Inne ved Morgonsvatnet kan du finna roen og freden og sjå fisken vaka og høyra og sjå ravnene som sirkar oppe i lufta åleine eller saman med andre. Følg skilt og merkepinnar innover i ro og mak - bruk sansane og sjå deg om.

**Fottøy:** Gode tette sko God tur.

## 10. Tur til Ulserhaug (631 m o.h.)

**Avstand:** 6,5 km til toppen via Veldehytta og Morgonsvatnet.  
**Tidsbruk:** 2,5 t ved vanleg gange opp til toppen.  
**Vanskegrad:** Blå/raud tur - noko lang familietur.  
**Terreng:** Traktorveg til Veldehytta, **Sjå info. om turen til Veldehytta**. Frå Veldehytta og til Morgonsvatnet er det godt merka sti i vekslende terreng. Frå Morgonsvatnet er det noko tungt å gå i kuppert landskap.  
**Opplysningar:** Stien er godt merka og synleg til Morgonsvatnet. Stien frå Morgonsvatnet vidare til Ulserhaug er godt merka, men han er ikkje så tydeleg i terrenget endå p.g.a. at dette er ein forholdsvis ny sti.  
**Fottøy:** Gode tette sko. God tur.

## 11. Tur til Moldebrekka (619 m o. h.)

**Avstand:** 5 km opp til toppen.  
**Tidsbruk:** 2 – 2,5 t ved vanleg gange opp.  
**Vanskegrad:** Blå/raud tur – litt hard familietur.  
**Terreng:** God traktorveg på 3,5 km til Veldehytta. Vegen har nokre bratte parti opp til Dyrhaug, men så er det lettare å gå inn til Veldehytta. Frå Veldehytta går du inn på ein godt rydda og merka sti som går på skrå oppover gjennom lyng og brake mot Samuelsen – litt myrlendt og deretter fastare sti oppover. Frå Samuelsen er det berre låg vegetasjon og difor lett å gå til toppen av Moldebrekka..  
**Opplysningar.** Om vegen til Veldehytta – **sjå info om ”Tur til Veldehytta”**. Ved Veldehytta står det mange skilt til ulike turar. Følg den merka og rydda stien mot Longåsdaalen på skrå opp til toppen av åskammen – her står det skilt til **Samuelsen og Moldebrekka**. Gå til Samuelsen og vidare nordover og oppover til Moldebrekka. Fint fjelldrag med god utsikt. Flott vinterstid. Er du heldig vil du om sommaren **sjå og høyra heiloen** med sin fasinerande klagesong. **Ravnene** er også vanleg å sjå og høyra her. **Ørn** er ofte observert her.  
**Fottøy:** Gode tette fjellsko. God tur.

## 12. Tur til Longåsdalen/Bjordal (207m. o. h.).

**Avstand:** 8,4 km frå P-plassen via Veldehytta.

**Tidsbruk:** 3t 20 min fram til hytta i Logåsdalen ved vanleg gange.

**Vanskegrad:** Blå/raud tur – ein lang familietur.

**Terreng:** God traktorveg 3,5 km til Veldehytta. **Sjå info. om turen til Veldehytta.** Frå Veldehytta går stien vidare på skrå gjennom lyng- og brakebelte til **Samuelsvarden**. Stien godt merka og rydda. Frå skilt til Samuelsvarden er det lett å gå bort til **Husafjellet** – følg merkepinnar og raude merke på berg og steinar bortover. Vidare går stien nedover rundt Husafjellet og ned mot Longåsdalen gjennom rydda sti i bjørkeskog og **mot Vassnuten**. Ta av til høgre ned til **Longåsdalsvatnet** ved skilt. Her nede kjem du inn på traktorveg som går til hytta og vidare langs vatnet og heilt ned til Bjordal.

**Opplysn.:** God traktorveg opp til Veldehytta. **Sjå info. om turen til Veldehytta.**

Ved **Dyrhaug** bør du ta ein liten avstikkar til høgre ved skilta ”Rasteplass” og ”Dyrhaug” og gå gjennom grinda - like ovanfor hytta som ligg her, er det flott utsikt over Vatsdalen. Få att pusten her før du går vidare innover vegen som nå er lett å gå heilt fram til Veldehytta. Vil du ta ein stopp til, så vil du sjå skilt om **Revebås** litt lenger oppe – dette er ei fangstfelle. Sjå info. om slike fangstfeller på eiga info.tavle ved revabåsen. Veldehytta er alltid er open - her kan du skriva deg inn i hytteboka og ta ny rast. Utanfor hytta er det sett opp fleire skilt til ulike turar.

**Turen til Longåsdalen går langs same stien som Arquebusmarsjen har frå Eikås i Bjoa. Dette er også Haugesund Turistforening sin gamle sti frå Bjoa.**

Stien er godt rydda og merka med merkepinnar til Husafjellet og vidare til Longåsdalshytta. Hytta står nå open for alle.

Her er det bok å skriva seg inn i. Frå denne hytta går det 3 km lang traktorveg langs Longåsdalsvatnet

Når du kjem til endes av vatnet, kan du velja om du vil gå heilt ned til Bjordal eller ta av til venstre og koma inn på ny traktorveg som går heilt over til Tveit i Austreimsbygda i Skjold – om lag 3 km fin traktorveg.

I Bjordal har dei nytta vatnet i elva til småkraftverk og til eit gammalt restaurert sagbruk.

Bjordalstunet er godt kjent for sine fine selskapslokal i dei gamle ombygde løebygningane.

**Fottøy:** Gode tette fjellsko.

God tur.